

ORBO og Smith-Hald i Dønhaugkjedlaren

04.05.2011



Robert Smith Hald i Dønhaugkjedlaren (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Laurdag 14. mai vert det konsert/pub-session i Dønhaugkjedlaren med to av Vestlandet sine absolutt beste musikarar, Robert Smith-Hald og ORBO**

Ole Reinert Berg-Olsen er kjend under artistnamnet ORBO. Som låtskrivar er han inspirert av artistar som John Lennon, Tom Petty, Warren Zevon og Bob Dylan. Musikalsk sjanger er "rock and roll". ORBO er frontfiguren i bandet "Orbo And The Longshots" og har vore med å gittut fem album, for albumet "High Roller"

fekk dei spelemannsprisen i 2008.



Ole Reinert Berg-Olsen

Mange kvinnheringar fekk nok med seg den fantastiske konserten "Orbo AndThe Longshots" hadde under Skånevik Bluesfestival i 2010, og der dei også er booka inn i år.

Denne kvelden opptrer han utan sitt faste band, men med Robert Smith-Hald. Kvar av artistane vil spele eitt sett kvar, tillegg til at dei spelar eitt sett saman..

Robert Smith-Hald fra Pennsylvania (USA)og Bergen tar til å bli skikkeleg husvarm på Dønhaug og bør vera godt kjend for "Dønhaugspublikummet", i tillegg var han ein av artistane under siste Festidalen-arrangement.

Robert blir samanlikna med med bl.a. Bob Dylan, Neil Young og Bruce Springsteen, og er rost opp i skyene av Pål Bredal og Per Ole Hagen i NRK P1. Bård Ose (NRK) har uttalt at "Innoncense Said" var årets beste plate då ho kom ut i 2009. Tekstane på albumet fortel ei heilt spesiell historie signert låtskrivaren og personen Robert Smith-Hald. Dei er svært personlege og oppsummerar eit heilt spesielt levd liv.

Begge artistane skriv både tekstar og musikk sjølve, og skal i nærmaste framtid til Nashwill (USA) for å spele inn nymusikk. På Dønhaug vil dei spele akustisk og ha med topp lydutstyr og eigen lydmann, så me kan lova ein fantastisk musikk-kveld i eit intimt lokale med framifrå akustikk, noko som vil gi topp musikkoppleveling for gjestene.

Me satsar i utgangspunktet på å køyra dette arr. i Dønhaugkjedlaren, og har difor eit svært begrensa antall plassar,så her gjeld å vera tidleg ute å reservera plass. Skulle pågangen bli svært stor, vil me vurdera å nytta deler av Dønhauglavén.

For dei som er avhengig av transport heim etter arr.slutt, vil Tide sin nattbuss gå som vanleg.

For meir info. sjå: [www.orbo.no](http://www.orbo.no), [www.robertsmith-hald.com](http://www.robertsmith-hald.com), [www.dønhaug.no](http://www.dønhaug.no)

Av Magne Huglen